

Kommunale målsettingar for beverforvaltninga i Nord-Fron kommune

- 1) Kommunen vil ha ein beverbestand som er:
 - a. berekraftig i forhold til næringsgrunnlaget
 - b. gir grunneigarar og jegerar verdiar i form av kjøt, jaktoppleving og rekreasjon
 - c. har god helsetilstand
 - d. ikkje medfører vesentleg skade
- 2) Kommunen vil bidra til at jaktrettshavarane organiserer seg i vald som i størst mogleg grad omfattar heile eller større delar av vassdrag, og på den måten legg til rette for ein vassdragsvis forvaltning av beverbestanden.
- 3) Kommunen ønskjer ikkje etablering av beverkoloniar i område med vesentleg fare for skade på dyrka mark eller samferdsel, og oppmodar jaktrettshavarane om å prioritere uttak i slike problemområde.
- 4) Kommunen har som mål å unngå skadefelling av bever, og vil ha aktiv dialog med jaktrettshavarane i forhold til målretta uttak av skadegjerande individ innanfor ordinær jakttidsramme (1.10-30.4).
- 5) Kommunen meiner at det ved eventuell etablering av bever i skogområde må kunne akseptrast ei større grad av skade enn på dyrka mark og samferdsel. Det aktuelle skogområdet sin økonomiske verdi vil vere viktigaste vurderingskriterium.
- 6) Kommunen har som mål å samarbeide og koordinere beverforvaltninga med nabokommunar med felles vassdrag, jf. Gudbrandsdalslågen. Nord-Fron og Sel har i dag same minsteareal (les: teljande vasslengde) for bever på 10 km.

Vedteke i utval for landbruks-, utmarks- og miljøraker, møtedato 21.06.2017.

Utvalssak 66/2017.